



Ein kunstplakat, laga av Ole Bjarte Røssland i 1993, er funnen fram og teken i bruk slik det var tenkt for 25 år sidan.

**Røysterett for Alle har til 30 års jubileet funne fram og teke i bruk ein kunstplakat som vart laga til 5 årsmarkeringa i 1993. Ole Bjarte Røssland er kunstnaren og tanken var å få laga ein plakat som kunne brukast som mal ved konsertar og arrangement. Kunstplakaten var med på ein liten utstilling, men elles ikkje brukt til det den var tenkt. Det var difor nytt for mange då plakaten kom fram og vart teken i bruk etter 25 år.**

Motivet med den gamle røysteurna frå Uskedalen valkrins og aktive songarar har sterk nasjonal symbolikk. På nokre av dei fyrste konsertane fekk koret løyve av valstyret til å bruka valurna som eit samlande bilete på røysteretten og at alle var velkomne med den røysta ein har. Det vart gjort slik at nokre songarar bar inn og sette urna på ein synleg plass på konserten. Det vart ikkje sagt noko om bakgrunnen. Alle tenkte sitt.

Det er spenstig og interessant at Røysterett for Alle etter 25 år har teke plakaten i bruk. Mange større lag og organisasjonar brukar faste motiv som plakatmal. Motivet vert kopiert og påmontert eller skrive inn den aktuelle teksten med tittel og annan informasjon. Av slik konsertarrangørar kjenner vi Kvinnherad kulturskule med sin faste plakat. Motivet er planter i ei blomstereng.

Tittelen Ve no velkomne med æra er henta frå Oliva Ågot Tveit i Kvam. Det er ein velkomstsong som ofte vart brukt i Kvam i eldre tid.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal